



Utkast til lokal forskrift om grunntilskot til private barnehagar i Voss herad for 2027

Fastsett ved delegert mynde, administrativt, i Voss herad xx.xx.2026 med heimel i lov 17.juni 2205 nr.64 om barnehager (barnehageloven) §§ 19 og 19a og Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) § 1 , jf. § 6 og [§ 17 første ledd og § 18 første ledd.]

§ 1. Verkeområde og ikraftsetjing

Forskrifta fastset satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Voss herad for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i heradet som er godkjende etter barnehagelova § 19 første og andre ledd, og som har rett til tilskot i Voss herad.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar vert følgjande satsar nytta per heiltidsplass:

Ordinære barnehagar:

Barn 0-2 år: kr. 303 735,-

Barn 3-6 år: kr. 160 535,-

§ 3. Berekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er berekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommunerekneskap, som for 2027 er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane berekna ut frå heradet sine ordinære driftsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar, med dei frådrag og påslag som føl av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Voss herad har ikkje kommunale opne barnehagar. Grunntilskotet, inkludert administrasjonspåslag, til privat open barnehage vert fastsett årleg av Kunnskapsdepartementet.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå berekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønnsvekst i kommunesektoren).

Voss herad tek atterhald om justerte satsar dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- Heradet vedtak lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- Nasjonale myndigheiter vedtar endring i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som fører til endringar i berekning av satsar.



Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold nemnd over, vert gjort administrativt utan førehandsvarsel jf. forvaltningslova § 37, fjerde ledd, bokstav c. Justerte satsar vert formidla til private barnehagar og forskrifta vert oppdatert utan nødvendig opphald.

§ 4. Dokumentasjon på berekninga

Berekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk og grunnlaget er synleggjort som vedlegg i høyringsbrevet.

§ 5. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Tilskotet til den enkelte private barnehage vert fastsett som enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 19a-c, og finansieringsforskrifta § 3, med grunnlag i satsane fastsett i denne forskrifta.

§ 6. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1 januar 2027